



Arkivnr: 2015/7636-1

Saksbehandlar: Einar Stokka

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		27.08.2015

**Rullering av Nordsjøkommisjonen sin strategi – North Sea Region 2020**

Nordsjøkommisjonen (NSC) sin gjeldande strategi; North Sea Region 2020, blei vedteken av Nordsjøkommisjonen i 2011. Nordsjøkommisjonen sitt styre «NSC Executive Committee» har bedt om ei revidering av strategien. Frå styret er det sagt at ein i samband med revideringa ikkje ynskjer å endre noko på dei fem prioriterte strategiske områda. Derimot ynskjer ein å få gjort ein revisjon av fokusområda og oppfølgingspunktene som ligg på nivået under desse, samt å sjå på korleis det femte prioriterte strategiområdet; «Promotere innovasjon, dyktighet og bærekraft», som er definert som ein horisontal prioritet, betre kan integrerast i dei andre fire områda.

Som ein del av revisjonen har NSC sendt ut ei spørjeundersøking til alle medlemsregionane, der regionane er blitt bedt om å gradere alle fokusområda i strategien. Fylkesrådmannen har i si sakshandsaming fått innspel på spørjeskjemaet frå dei mest relevante avdelingane og seksjonane i HFK, knytt til NSC sine overordna strategiske satsingsområda, og har då fått innspel frå Samferdselsavdelinga, Kultur- og Idrettsavdelinga, samt Regionalavdelinga ved Næringsseksjonen og Klima og naturressursseksjonen. Innspela frå desse har så blitt samanfatta i eit utkast til eit samla svar frå Hordaland fylkeskommune til NSC, som no vert lagt fram til politisk handsaming. Vedlagt til saka er innspela frå dei enkelte avdelingane.

**Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune støttar Nordsjøkommisjonen sitt vedtak knytt til revisjon av Nordsjøkommisjonen sin strategi – North Sea Region 2020. Fylkesutvalet meiner at ei midvegs evaluering gjev NSC muligkeit til å vurdere kva ein har oppnådd sidan 2011, kva oppgåver som gjenstår, og å tilpasse desse til nærings- og samfunnsendringar i Nordsjøområdet.
2. Fylkesutvalget oversender samla svar på spørjeundersøkinga, som skissert i denne saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 17.07.2015

### Bakgrunn

Nordsjøkommisjonen (NSC) blei skipa i 1989, som ein av seks geografiske kommisjonar under CPMR (The Conference of Peripheral Maritime Regions of Europe). NSC har som formål å arbeide for auka samarbeid og bevisstgjering av felles utfordringar rundt Nordsjøen, arbeide for betre rammevilkår for regionen, og å drive lobbyarbeid opp mot EU-institusjonane og deira nasjonalstatar. NSC har i dag 31 medlemsregionar, frå til saman 8 land. President for NSC i denne perioden er fylkesordfører i Hordaland Tom-Christer Nilsen, og sekretariatet er i den samanheng lagt Hordaland fylkeskommune ved Regionalavdelinga.

Nordsjøkommisjonen er først og fremst ein politisk organisasjon – ein arena for regionar rundt Nordsjøen til å samordne interesser, samarbeide og utvikle politikk. Det er og ein muligkeit for fylkeskommunar frå ikkje-medlemslandet Norge til å være med å påverke den europeiske dagsordenen.

Gjeldande strategi «North Sea Region 2020» blei vedteke av Nordsjøkommisjonen i 2011. Strategien har vore eit nyttig dokument som har hjulpet NSC å strukturere sitt eige arbeid, gjedd retning for Nordsjøsamarbeidet, og har gjort NSC meir synlege i Brussel. Hovudmålet med dokumentet er å samordne og identifisere utfordringar, moglegheiter og prioriterte felles strategiske områder. Samt som eit felles dokument å gje argument for, og demonstrere meirverdi og fordelar av, å ha ein samla og felles strategi for Nordsjøområdet.

NSC har i strategien identifisert fem prioriterte områder:

- Administrere maritimt rom
- Økt tilgjengelegheit og rein transport
- Handtere klimaforandringar
- Attraktive og bærekraftige samfunn
- Promotere innovasjon, dyktighet og bærekraft (horisontal prioritet)

Handlingsprogram, som oppfølging av strategien, vert utarbeidet i fem tematiske grupper; 1) Energy- and Climate Change, 2) Culture and Tourism, 3) Marine Resources, 4) Economic Development og 5) Transport. Gruppene arbeiderer med politikkutforming, prosjektutvikling og utveksling av kunnskap.

Ut frå gjeldande strategi har NSC frå 2011 aktivt teke del i mange prosessar, både politisk inn mot EU og Europakommisjonen, men har også sett rammer for utviklingsarbeid gjennom opprettinga av Interreg Nordsjøprogrammet, oppretting av North Sea Regional Advisory Council og ikkje minst oppstart av North Sea Region preparatory action. Siste året har NSC hatt stor merksemd knytt til EU sitt arbeid med å legge til retter for Europa som ein samla energiunioni. I dag har kvart EU land sin eigen energipolitikk. 25. februar 2015 la EU-Kommisjonen fram ei ny meldinga som legg til grunn at Europa treng ei felles og heilskapleg energitilnærming med ein fungerande indre energimarknad som det sentrale verkemiddelet. Nordsjøkommisjonen, med president Tom-Christer Nilsen i spissen, har direkte dialog med EU-institusjonane. Det blir arbeidd aktivt med å påverke EUs politikkutforming. Dette er viktig for Nordsjøkommisjonen som representerer 31 regionar frå 8 land rundt Nordsjøen, og med energi er eit satsingsområde for samarbeidet. NSC fremmar synet om at Nordsjøregionen har naturgjevne fortrinn som eit kraft- og energisentrums i Europa og at Nordsjøregionen kan vere ein del av løysinga på dei store energiutfordringane ein står ovanfor i Europa i dag.

Nordsjøkommisjonens styre (Executive Committee) beslutta i oktober 2014 å revidere strategidokumentet innan juni 2016. Ved at gjeldande strategidokument har ein planperioden fram mot 2020, er denne revideringa å sjå som ei halvvegsevaluering i planperioden. Revisjonen gjev organisasjonen ein mulighet til å vurdere kva ein har oppnådd sidan 2011, og kva oppgåver som gjenstår. Det gjeld både overordna strategiske prosessar, samt konkrete oppgåver innan dei tematiske gruppene. Ikkje minst gjev revideringsprosessen ein mulighet til å sikre at handlingsdelen av planen er tilpassa dei oppgåvane Nordsjøkommisjonen og deira medlemmar skal og bør gjennomføre. Handlingsdelen innehalar ambisjonene om å utvikle ein «North Sea Strategy» der medlemsstatar, EU-institusjonar og stakeholders skal bidra i oppfølginga. No ynskjer NSC å oppdatere handlingsdelen slik at den kan tilpassast dagsaktuelle problemstillingar og enkelt medlemmar sine behov.

Som ein del av revideringa har NSC sendt ut ei spørjeundersøking til alle medlemmane. Ein skal ikkje endre noko på dei fem prioriterte strategiske områda. Derimot ynskjer ein å revidere fokusområda og oppfølgingspunktene som ligg på nivået under desse, samt å sjå på korleis den horisontale strategien betre kan integrerast i dei andre fire områdane. NSC ber medlemsregionane om å prioritere viktigheten av dei ulike fokusområda, utifrå eiga regionalt perspektiv.

NSC ber oss om å gradere, frå 1-ikkje viktig til 6-sårs viktig, alle fokusområda i strategien. Det er og skissert eit opent spørsmål knytt til kvar av dei 4 prioriterte strategiske områdane, samt tre ope spørsmål til slutt.

Fylkesrådmannen har i si sakshandsaming fått innspel på spørjeskjemaet frå dei mest relevante avdelingane og seksjonane i HFK, knytt til NSC sine overordna strategiske satsingsområda, og har då fått innspel frå Samferdselsavdelinga, Kultur- og Idrettsavdelinga, samt Regionalavdelinga ved Næringsseksjonen og Klima og naturressursseksjonen. Innspela frå desse har så blitt samanfatta i eit utkast til eit samla svar frå Hordaland fylkeskommune som er lista vidare i saka under. Vedlagt til saka er innspela frå dei enkelte avdelingane.

***Fylkesrådmannen fremmar følgjande oppsummering som svar frå Hordaland fylkeskommune til Nordsjøkommisjon si revidering av sin strategi – North Sea Region 2020:***

Oppsummeringa er knytt til dei prioriterte områda:

- Administrere maritimt rom og areal
- Økt tilgjengeleghet og rein transport
- Handtere klimaforandringar
- Attraktive og bærekraftige samfunn
- Betre integrering av dei horisontale temaene, og av beste praksis samt andre relevante innspel

**Administrere maritimt rom/areal:**

**1. Maritim arealplanlegging: Karakter 5**

Sjølv om maritim arealplanlegging ikkje er ei av dei største utfordringane til Hordaland, er det eit viktig tema for Nordsjøregionen. Det er viktig å utvikle felles kunnskapsgrunnlag og rammevilkår for både næringsutvikling og miljøomsyn.

**2. Utnytting av marine ressursar: Karakter 6**

Utnytting av marine ressursar har særskilt høg prioritering grunna viktige industrien har for framtida. Ei berekraftig bruk av marine ressursar vil være ei av løysningane for å få til den grøne transformasjonen. Dette er og i stor grad felles utfordringar ein har i Nordsjøområdet.

### **3. North Sea Maritim Stakeholder Forum: Karakter 4**

Dette som ein underliggende prosess som ein har prøvd å få til tidligare, utan suksess.

#### **Er det andre fokusområder din region prioritert som burde blitt inkludert under dette fokusområdet?**

Innkjøpsprinsipp ved offentlege innkjøp av ny teknologi – korleis overkomme strikte EU-reguleringar, som ofte gjer investeringar i innovativ teknologi vanskelig

#### **Auka til gjengjelgning og rein transport**

##### **1. Promotere utvikling av multimodale transportkorridorar og å legge til rette for modalt skift frå veg til sjø: Karakter 5**

Hordaland er eit stort eksportfylke med internasjonal transport av varer og gods. Det må peikast på overordna transportkorridorar i Nordsjøområdet med tilstrekkeleg godsvolum. Her er det viktig å involvera interesserar og næring til debatt om modalt skifte frå veg til sjø.

##### **2. Optimalisera ytinga til multimodal logistikk kjeder: Karakter 5**

Dette er sterkt knytt til punktet over. NSC bør sjå på korleis ein betre kan optimalisera logistikk kjeda slik at ein unngår unødig transport. Næringa må involverast.

##### **3. Rein transport: Karakter 5**

For å nå rein transport og shipping er samarbeid mellom nasjonale myndigheter avgjerrande. Internasjonale reguleringar/standardar må bli etablert slik at ein kan fortsette å være konkurransedyktige i marknaden.

##### **4. Rein shipping: Karakter 5**

Nødvendig med framleis sterkt fokus på miljøvenlege og grøne sjøtransportløysingar. For Hordaland sin del bør fokusområdet også innehalde verft, teknologi og leveringsindustri.

#### **Er det andre fokusområder din region prioritert som burde blitt inkludert under dette fokusområdet?**

- Ein overgripande fokus innan transport burde være å unngå unødig transport og bruk av energi, før ein ser på korleis ein kan gjøre transport reinare
- Involvera interesserar og nasjonale aktørar slik at ein kan få til samarbeid og best praksis.
- Innkjøpsprinsipp – korleis betre implementere ny teknologi innan offentlig transport

#### **Handtere klimatiske endringar**

##### **1. Tilpassa til klimaforandringer: Karakter 5**

Sjølv om Hordaland prioriterte skadeavgrensande strategiar, er adaptionsstrategiar og viktig. Begge strategiar er viktige og burde sameksistere

##### **2. Lav karbon teknologi og energieffektivitet/grøne teknologiar: Karakter 6**

##### **3. Fornybar energi og "North Sea Grid": Karakter 6**

Begge desse fokusområda er særskilt viktige for Hordaland som region. Vi har etablerte og lett tilgjengelige lavkarbon-teknologiar, samt eit enda større potensial for å utvikle andre. Et «North Sea Grid» er veldig viktig for Hordaland. Hordaland er ein viktig energiregion som saman med andre energiregionar i Nordsjøområdet kan utvikle mål og strategiar for å påverke nasjonal og europeisk energipolitikk.

#### **Er det andre fokusområder din region prioritert som burde blitt inkludert under dette fokusområdet?**

- Før ein utviklar strategiar om tilpassing til klimatiske endringar bør strategien adressera utfordringane med skadereduserande tiltak.

## **Attraktive og bærekraftige samfunn**

### **1. Konkurransedyktigkeit til sektorar og selskap (maritime og kultur/turisme): Karakter 5**

Hordaland er og kan i større grad utviklast som reiselivsfylke. Strategiar og tiltak kan utviklast i samarbeid med andre regionar i Nordsjøområdet.

### **2. Demografiske endringar: Karakter 4**

Fokusområdet er ikkje veldig viktig for Hordaland, sjølv om regionen opplever migrasjon frå rurale strøk i innlandet til sentrale kyststrøk.

### **3. Utvikling av ferdighetar og fleksibel arbeidskraft: Karakter 6**

Sjåast på som særstakt viktig for vår region. Det å fortsetje med å utvikle nye ferdighetar er nødvendig for å fortsetje med innovasjon og å etablere ny teknologi. Sikre dynamisk og fleksibel tilgang av arbeidskraft blir enda viktigare i komande år, sidan oljeindustrien er i endring..

## **Er det andre fokusområder din region prioriteter som burde blitt inkludert under dette fokusområdet?**

- Ein treng økt fokus og samarbeid, både mellom sektorar og internasjonalt, om handtering av endringar innan landskap og bygging.
- Det å klare å nytte etablert kompetanse i olje- og gassindustrien i andre sektorar vil bli viktig i framtida (klynge til klynge samarbeid). Dette er spørsmål vår region fokuserer på, og mogleg gjeld det same for andre Nordsjøregionar.

## **Beste praksis og andre innspel**

### **Har du best praksis eksemplar frå din region som kunne demonstrere løysingar under ein eller fleire av dei strategisk prioriterte områdane?**

- Hordaland har ekspertise, spesielt innan marin matproduksjon, som kunne demonstrere løysningar under fleire av dei strategiske prioriterte områdane.
- Vår ekspertise innan å etablere klyngar, slik som SFI, NCE og GCE, er til nytte for heile industriar. Denne beste praksisen gjeld alle prioritetsområdane. Spesielt gjeld dette NCE Maritime CleanTech og GCE Subsea.
- Hordaland si satsing på infrastruktur for elektriske bilar.
- Hordaland si påverknad på å implementere miljøkriterier gjennom si rolle som innkjøper
- Local Municipalities Cultural Mapping Program.
- North sea Cultural heritage routes.

## **Den horisontale prioriterte inkluderer innovasjon, dyktigkeit og bærekraft. Kan du demonstrere korleis dette betre kunne blitt integrert i dei andre fire strategiske prioriterte områdane?**

- Ved å bruke etablert kunnskap og kompetanse på tvers av sektorar, dele erfaringar og utvikle nye kompetanse gjennom å bruke gjeldande kunnskap optimalt og smartare.

## **Er det noen andre innspel dykk vil gi i samband med revideringa av North Sea Region 2020?**

- Samanheng mellom regional og nasjonal politikkområder og juridisk rammeverk burde blitt inkludert i dei strategiske papira. Verktøya og instrumentane for å etablere eit tettare band mellom dei to nivåa kunne dra nytte av å ha separate strategiar, eller i det minste være meir tydelig i den eksisterande strategien. Det er uklart korleis NSC har påverking på regionale, nasjonale eller europeiske «decision-makers».

- Når ein reviderer ein plan som dette er det også viktig å sjå på dei større endringane i verda. Fleire samfunnsmessige endringar har skjedd sidan strategien blei implementert; arbeidsmarknaden i Nordsjøregionen, økonomisk nedgang og den grøne transformasjonen, til dømes. Desse endringane har stor påverknad på prioriteringane i regionane.